



Namn  
Adresse

Oslo, dato

## Påminning

### Reminder

For information in English and other languages: [tarmscreening.no/brev](https://tarmscreening.no/brev)

For ei tid sidan sende vi deg ein invitasjon til å delta i Tarmscreeningprogrammet. Saman med brevet fekk du utstyr til å ta ei avføringsprøve. Vi har ikkje fått prøve frå deg og sender derfor ei påminning.

- **For å delta nyttar du utstyret som du fekk saman med invitasjonen.** Dersom du manglar utstyr for prøvetaking, kan du bestille det på [helsenorge.no](https://helsenorge.no) eller ved å ta kontakt med oss.
- **Du treng ikkje å seie ifrå til oss dersom du hoppar over deltakelse denne gongen.** Du vil få invitasjon kvar andre år inntil 5 gonger. Etter fylte 65 år vil du ikkje få fleire invitasjonar.
- **Ønskjer du ikkje å motta fleire invitasjonar til tarmscreening,** kan du enklast melde ifrå om det på [helsenorge.no](https://helsenorge.no) under "Forskning og screening". Om du treng hjelp, finn du meir informasjon på [tarmscreening.no/stopp](https://tarmscreening.no/stopp) eller ved å kontakte oss.

Tarmkreft er ein av dei vanlegaste kreftsjukdommene i Noreg. Screening kan oppdaga tarmkreft på eit tidleg stadium før den gir deg nokon plager. Det auker moglegheita for å overleva sjukdommen.

Tarmscreeningprogrammet er eit offentleg helsetilbod, og det er frivillig å delta. Du kan lesa om fordeler og ulemper ved tarmscreening på nettsidene våre [tarmscreening.no](https://tarmscreening.no). Her finn du også alle brev vi sender ut.

Med vennleg helsing

Tarmscreeningprogrammet



### Korleis deltek du?

- Du deltek ved å sende inn ei avføringsprøve som vert testa for blod på laboratoriet.
- Les bruksrettleiinga nøye og kontroller at namnet ditt og fødselsdato står på prøverøret.
- Dersom vi ikkje har fått ei prøve innan 6 veker, sender vi deg ei påminning.
- Om du ikkje sender inn prøva vil du få tilsendt nytt prøvesett om 2 år. Du vil få invitasjon annakvart år inntil 5 gonger. Etter fylte 65 år vil du ikkje få fleire invitasjonar.



### Kva skjer etter at prøva er sendt inn?

- Du vil få skriftleg svar på prøva innan 4 veker uansett resultat.
- Dersom prøva ikkje viser blod over grenseverdi sender vi deg ein ny invitasjon om 2 år.
- Dersom prøva viser at du har blod i avføringen vil du få tilbod om ein koloskopiundersøking på sjukehuset.



### Kva kostar dette?

- Sjølve avføringsprøva kostar deg ikkje noko.
- Dersom du får tilbod om koloskopiundersøking på grunn av prøvesvaret, gjeld ordningane med eigendel, frikort og pasientreiser.



### Kven bør ikkje delta?

- Dersom du er i eit kontrollopplegg med koloskopi til dømes for kreft, polyppar eller inflammatorisk tarmsjukdom, treng du ikkje delta i Tarmscreeningprogrammet.
- Har du alvorlege kroniske sykdommer, kan ulempene ved å delta vera større enn nytten. Er du usikker på om dette gjeld deg, bør du snakke med legen din.



### Informasjonen som vert samla inn

Kreftregisteret registrerer opplysningar om personar som deltek i Tarmscreeningprogrammet, i samsvar med Kreftregisterforskrifta. Opplysningane blir mellom anna brukte til planlegging og utsending av invitasjonar, og til kvalitetssikring, evaluering og forskning.

Du kan reservera deg mot at dine personopplysningar knytta til undersøkingar i Tarmscreeningprogrammet vert registrerte permanent i Kreftregisteret ved negativt funn. Med personopplysningar meiner vi namn, fødselsnummer, adresse, bustadskommune, sivilstand og fødekommune eller fødeland. Informasjon om rettane dine, og korleis du kan reservera deg, finn du på [tarmscreening.no](https://tarmscreening.no).

#### Vil du ikkje delta?

Du bestemmer sjølv om du vil delta i screeningprogrammet eller ikkje.



Du kan når som helst stoppa invitasjonane frå Tarmscreeningprogrammet. Les meir på [tarmscreening.no/stopp](https://tarmscreening.no/stopp)

#### Har du spørsmål?

På [tarmscreening.no](https://tarmscreening.no) finner du meir informasjon om screening og tarmkreft. Du kan òg ringa Kreftregisteret på Tlf 22 45 13 00 (09:30–11:30)

